Odd Einar Vold
Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke
Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Til uttalelse@nve.no Årdal den 18. august 2024

# Høringsuttalelse 202224776 – Regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk

Vedlagt oversendes resultat av målinger av vanndybder i Kaldavatnet. Målingane er utført ved hjelp av drone påmontert gps og ekkolodd og er utført av ein systemutviklar hjå Comrod as. Arbeidet er utført på fritida og har tatt ca 50 timer å utføre.
Måleresultata er presentert på vedlagt JPEG-fil. Dei svarte flekkane er områder med manglande målingar, tørrlagt strand ved evt. regulering er vist med rød farge. Vennligst legg merke til at holmen i nordaustre ende av vatnet vert landfast.

Videre vil eg gjere merksam på noko eg trur er feil i søknaden. På figur 15 side 33 er forsøkt vist «kor lite» INON vert berørt, men sanninga er langt verre. Nedanfor er kopi frå dagens INON-kart, her har eg lagt inn ei målelinje først ein km frå nordaustre enden av Kaldavatnet og markert med raudt +, deretter målt videre til 3 km – og som me ser, INON-området vert nesten klypt i to mot Undestølsvatnet.




Dessutan – når eg måler ut ein km som vist her, så slår det meg at ein km er mindre på fig 15 i søknaden enn måleverktyet på kartet. Der er åpenbart målt ein km frå planlagd dam til markert rødt område, i alle fall er det det eg blir rettleia til å tru når eg les søknaden. For å kontrollere så målte eg med kartets måleverkty, frå planlagd dam og innover vatnet – og finn

Odd Einar Vold
Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke
Epost: odd.einar.vold@gmail.com

at der er nokså nøye ein km frå utløpsosen til inste enden av vatnet! Eg vil på ingen måte påstå at det er bevisst forsøk på å framstille inngrepet så bagatellmessig som over hodet mulig, men eg kan ikkje fri meg frå tanken.




NRK sette for kort tid sidan fokus på bit for bit-utbygginga av naturen og dokumenterte kor stor summen av alle små inngrep er. Eg tillet meg å leggje ved eit lesarinnlegg i lokalavisa vår om nettopp dette og linken til nrk-reportasjen her: https://www.nrk.no/dokumentar/xl/nrk-avslorer_-44.000-inngrep-i-norsk-natur-pa-fem-ar-1.16573560

Mvh Odd Einar Vold

Vedlegg:

1. fullsizeoutput_271d (JPEG-fil)
2. Desse inngrepa vil bli … (Pdf-fil)

Kopi: postmottak@hjelmeland.kommune.no